



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/025685-007

Dykkar referanse:
14/3005 - 14/12086

Vår dato:
18.12.2014

Uttale - Radøy kommune. Varsel om oppstart av detaljregulering for Svena fritidsbustader.

Viser til brev frå dykk dagsett 6. november 2014: *Plansak 12602014000700 - detaljregulering - Svena fritidsbustader - varsel om oppstart av privat planarbeid.*

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Saka gjeld

Det vert no varsla om utviding av planområdet for det pågåande arbeidet med detaljplan for Svena, og føremålet med arbeidet er å leggje til rette for hytter med tilhøyrande småbåtanlegg og infrastruktur. Tilkomst til området vil skje via avkjørsle frå fv 409. Statens vegvesen har tidlegare uttalt seg til deler av planområdet, seinast i brev dagsett 25. april 2014.

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen

Tilknytting til riks- og fylkesvegnett

I rammeplan for avkjørsler og byggegrensar er vegen vist med haldningsklasse 4, det vil mellom anna sei at godkjenning av nye avkjørsler normalt kan bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava er stetta. Då det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkjørsler langs ein veg, bør det likevel arbeidast mot å sanere flest mogleg avkjørsler. Vi rår til at det gjennom planarbeidet vert vurdert om det let seg gjere å sanere dei to avkjørslene som grensar til/er inkludert i planområdet. Avkjørsla skal dimensjonert for den bruk det vert lagt til rette for og ha ei utforming i samsvar med håndbok N100 og V121. Planen skal òg inkludere frisktsoner.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Det må dokumenterast at avkjørsla kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 Tegningsgrunnlag og tilpassa omfanget av den aktuelle planen vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen. For å unngå misforståingar bør det i føresegnene innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Regulering av riks- og fylkesveganlegg

Skjæring/fylling til fylkesvegen skal visast i plankartet. Det må sikrast areal til «anna vegg grunn» langs fylkesvegen gjennom heile planområdet. Det regulerte beltet skal vere minimum 3 meter frå vegkant, og 1 meter frå topp skjæring/bunn fyllingsfot der dette er aktuelt.

Byggegrense langs veg

I samsvar med veglova er det ei byggjegrænse på 50 meter frå fylkesvegen. Rammeplanen for avkjørslar og byggegrenser legg til grunn ei byggjegrænse på 15 meter frå vegmidte. Vi rår til ei tilsvarande byggjegrænse i planen.

Rekkefølgekrav

Det må i føresegnene stillast tilsvarande krav til rekkefølge som vi har omtala i vår uttale då tidlegare planframlegg låg ute til offentleg høyring og ettersyn.

Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Når planen vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg, vil vi vurdere om våre veginteresser er tilstrekkelig ivaretatt og uttale oss på vanleg måte. Ta gjerne kontakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn dersom de har spørsmål om konkrete problemstillingar.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Sindre Lillebø
seksjonssjef



Anne Marta Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no